

NotatDato: 07.01.2015
Arkivsak: 2014/2-67
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Læringsutbyttebeskrivingar og studieplanar

Nasjonal fagskulekoordinator Bård Inge Thun orienterer i e-post til fagskuleleiarane at etter 31. desember 2014 vil det som kjent vere eit krav frå NOKUT at skulane sine studieplanar skal innehalde læringsutbyttebeskrivingar (LUB). Det har vore eit ønskje frå sektoren at LUB skal verte innarbeidd i dei nasjonale planane for å lette arbeidet med studieplanane ved den einskilde skule. Det er difor i haust blitt kjørt eit systematisk opplegg der alle nasjonale planar har vore handsama av plangrupper for å utvikle LUB. Dette har vist seg å vere eit krevjande og omfattande arbeid, der NOKUT har bidrege i starten. Likevel har det vist seg at arbeidet ikkje vil verte fullført før nyttår. NOKUT vil difor søkje Kunnskapsdepartementet om utsett frist for innføring av LUB i studieplanar for nasjonale planar. Det er nå utarbeidd ein framdriftsplan for det vidare LUB-arbeidet som NOKUT vil leggje til grunn for sin utsetjingssøknad til departementet. Framdriftsplanen er som følgjer:

19. desember 2014	<ul style="list-style-type: none">• Skulane vert informert om denne tidsplanen og orienterer sine styre så snart som mogleg.
12. januar 2015	<ul style="list-style-type: none">• Siste frist for plangruppene for å levere justerte overordna læringsutbyttebeskrivingar (O-LUB) til koordinator.• Koordinator sender fortløpande desse til dei tre gruppene som skal føreta slutføring («LUBsk-gruppene»).
19. januar	<ul style="list-style-type: none">• Alle overordna læringsutbyttebeskrivingar er handsama av aktuell «LUBsk-gruppe»• Landbaserte tekniske O-LUB sendast på 10-dagars høyring til dei respektive bransjar.
23. januar	<ul style="list-style-type: none">• Siste frist for plangruppene for å levere læringsutbyttebeskrivingar på emnenivå (E-LUB) til koordinator, som sender desse fortløpande til «LUBsk-gruppene».
15. februar	<ul style="list-style-type: none">• Alle E-LUB er handsama av «LUBsk-gruppene».

20. februar	<ul style="list-style-type: none">• Alle nasjonale planar skal vere publisert med O-LUB og E-LUB på www.fagskolen.info• Skulane gjer sine styre kjent med dei nasjonale planane som skal gje grunnlag for studieplanarbeidet.
15. mai	<ul style="list-style-type: none">• Alle skulane skal ha innarbeidd O-LUB og E-LUB i sine studieplanar.

Det er viktig å merke seg at framdriftsplanen berre gjeld studieplanar basert på nasjonale planar. Når det gjeld studieplanar for andre tilbod gjeld fristen 31. desember 2014.